



Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 16/8145-2

## **Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2022**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert sett i gang nytt strategiarbeid for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.
2. Arbeidet har følgjande mandat:

Strategiarbeidet skal med utgangspunkt i overordna styringsdokument setje mål og strategiar for utvikling av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021. Det skal utarbeidast eit kriteriesett for kvaliteten på opplæringa. Dette skal ta utgangspunkt i tre kjerneområde:

- Profesjonell undervisning
- Profesjonell leiing
- Profesjonell fag og yrkesopplæring

Kriteriesettet skal ligge til grunn for prioriteringar og satsingar i dokumentet.

3. Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane skal leggjast fram for fylkestinget til handsaming i oktober 2017. Eit handlingsprogram for perioden 2018-2021 skal leggjast fram for hovudutval for opplæring til handsaming i november 2017.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **Oppstart av arbeid med nytt mål og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane**

#### **Bakgrunn for saka**

Opplæringslova regulerer plikta fylkeskommunen har til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for alle som er busette i fylket. Fylkeskommunen skal planleggje og byggje ut eit opplæringsstilbod i samsvar med nasjonale mål, søkjarane sine ønske og det behovet samfunnet har for vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar (§13-3).

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene til den enkelte og føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse (§1-3 og §13-3). Skuleeigar skal i følgje opplæringslova § 13-10 ha eit forsvarleg system som sikrar at lova sine pålegg og elevane sine rettar blir følgde og innfridd. Skulane og lærebedriftene skal i følgje forskrifta til opplæringslova § 2-1:

*«...jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigar har ansvaret for å sjå til at vurderingane blir gjennomført etter føresetnadane».*

Sidan 2001 har Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom eit systematisk og målretta strategiarbeid samordna det politiske og administrative fokuset om felles mål og strategiar for

vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. Mål og strategiar har danna bakgrunn for eit strategisk handlingsprogram og har vore overordna alt utviklingsarbeid i sektoren. Politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen har i dei føregåande periodane hausta gode erfaringar med å arbeide etter ein systematikk frå mål og strategiar til handling.

Arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring er arbeidskrevjande og involverer alle nivå i sektoren. Fylkesdirektøren legg i denne saka fram bakgrunn for arbeidet og framlegg til mandat for, og organisering av, arbeidet med nytt mål- og strategidokument.

#### **Tidlegare vedtak**

Fylkestinget vedtok mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015 "God – betre – best!" i FT –sak 05/12. I pkt. 2 i vedtaket står at hovudutval for opplæring skal handsame og rullere det tilhøyrande handlingsprogrammet årleg. Handlingsprogrammet skal tidfeste, prioritere og kostnadsrekne tiltak og vidare gje eit grunnlag for budsjett- og økonomiplanen for perioden.

På bakgrunn av dei økonomiske utfordringane for fylkeskommunen tilrådde fylkesrådmannen i FU-sak 18/15 å forlenge gjeldande mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012- 2015, "God – betre – best!", med to år. Det er behov for å starte arbeidet med nytt mål- og strategidokument med sikte på handsaming i fylkestinget i juni 2017.

#### **Komande utfordringar for sektoren - endringar i læreplanverket**

Regjeringa la fram Meld. St. 28 (2015-2016) - om *Fag – Fordypning – Forståelse* 15. april 2016. I meldinga vart det gjort framlegg om å fornye innhaldet i grunnopplæringa innanfor rammene av Kunnskapsløftet. Førebelts framdriftsplan for dette arbeidet er at kunnskapsdepartementet vedtek endringar i tilbodsstrukturen før sommaren 2017, med sikte på iverksetting av ny tilbodsstruktur frå skuleåret 2019-20.

Ei fornying av Kunnskapsløftet inneber endring av følgjande deler i læreplanverket:

- Generell del
- Prinsipp for opplæringa
- Læreplaner i fag
- Fag og timefordelinga

Ny generell del vert sendt på høyring i løpet av 2016, og har som mål å bli fastsett i 2017. Denne vil ligge til grunn for det arbeidet som skal skje vidare med læreplanarbeidet. I tillegg vil det pågående arbeidet med gjennomgangen av tilbodsstrukturen i fag- og yrkesopplæringa også kunne føre til ei endring i utdanningsprogram, programområde og fag. Førebelts framdriftsplan for dette arbeidet er at kunnskapsdepartementet vedtek endringar i tilbodsstrukturen før sommaren 2017, med sikte på iverksetting av ny tilbodsstruktur frå skuleåret 2019-20.

Fylkesdirektøren meiner at arbeidet med nytt mål- og strategiarbeid må sjåast i samanheng med innføringa av nytt læreplanverk.

#### **Mandat**

Strategiarbeidet skal med utgangspunkt i overordna styringsdokument setje mål og strategiar for utvikling av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021. Det skal utarbeidast eit kriteriesett for kvalitetene på opplæringa. Dette skal ta utgangspunkt i tre kjerneområde:

- Profesjonell undervisning
- Profesjonell leiing
- Profesjonell fag og yrkesopplæring

Kriteriesettet skal ligge til grunn for prioriteringar og satsingar i dokumentet.

Strategiarbeidet skal omfatte både driftsutfordringar og utviklingstiltak.

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane skal leggjast fram for fylkestinget til handsaming i oktober 2017.

Eit handlingsprogram for perioden 2018-2021 skal leggjast fram for hovudutval for opplæring til handsaming i november 2017.

#### **Organisering**

Strategiarbeidet vert organisert med styringsgruppe, arbeidsutval og referansegruppe slik:

Styringsgruppe

Hovudutval for opplæring

Sekretariat/arbeidsutval

Fylkesdirektøren for opplæring

Referansegruppe

Dei vidaregåande skulane 2 representantar  
(ein rektor og ein avdelingsleiar)  
Leiar og nestleiar i fagopplæringsnemnda som òg er representantar for  
NHO og LO  
Opplæringskontora ein felles repr.  
KS 1 repr.  
Elevorganisasjonen 1 repr.  
Ungomspolitisk utval 1 repr.  
Arbeidstakarorganisasjonane ein felles repr.

Styringsgruppa har det politiske ansvaret for prosessen med nytt mål- og strategidokument. Fylkesdirektøren legg fram arbeidsdokument for styringsgruppa. Hovudutvalet kan då justere retninga på arbeidet, og fylkesdirektøren tek med seg tilbakemeldingane inn i det vidare arbeidet.

Referansegruppa skal vere høringsinstans under prosessen. Gruppa må difor vere breitt samansett. Fylkesdirektøren vil leggje problemstillingar/utgreiingar fram for referansegruppa med tanke på kvalitetssikring og for å få tilbakemeldingar. Referansegruppa skal inviterast til å kome med innspel.

I tillegg til at arbeidstakarorganisasjonane er del av referansegruppa vil arbeidet med nytt mål- og strategidokument vere tema på informasjons- og drøftingsmøta som fylkesdirektøren kallar inn til før kvart hovudutvalsmøte.

Fylkesdirektøren utarbeider ein framdriftsplan for arbeidet med nytt mål- og strategidokument og legg den fram for hovudutval for opplæring sitt møte i november.

Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner det er behov for å starte arbeidet med nytt mål- og strategidokument. Strategiarbeidet skal med utgangspunkt i overordna styringsdokument, setje mål og strategiar for utvikling av vidaregående opplæring i Sogn og Fjordane for perioden 2018-2022.